

Dette dokumentet er ei nynorsk omsetjing til informasjonsformål. Dersom informasjon i dette dokumentet og i versjonen på bokmål ikkje samsvarer, er det den vedtekne versjonen på bokmål som gjeld.

Forskrift om graden doctor philosophiae (dr.philos.) ved Nord universitet

Dato	FOR-2017-02-10-228
Departement	Kunnskapsdepartementet
Ikraftsetjing	10.02.2017
Gjeld for	Noreg
Heimel	LOV-2005-04-01-15-§3-2, LOV-2005-04-01-15-§3-3
Kunngjort	01.03.2017 kl. 14.15
Korttittel	Forskrift om graden dr.philos. ved Nord universitet

Kapitteloversikt:

Del I. Innleiande vilkår (§§ 1 - 3)

Del II. Søknad om å få framstille seg og krav til avhandlinga (§§ 4 - 5)

Del III. Fullføring (§§ 6 - 13)

Del IV. Klage og ikraftsetjing (§§ 14 - 15)

Heimel: Fastsett av styret for Universitetet i Nordland 10. februar 2017 med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler (universitets- og høyskoleloven) § 3-2 og § 3-3.

Del I. Innleiande føresegner

§ 1. Verkeområde for forskrifta

Forskrifta gjeld graden doctor philosophiae (dr.philos.), og gjev reglar om retten til å framstille seg for dr.philos.-prøven og avviklinga av denne.

§ 2. Skildring av målsetjing og innhald i graden dr.philos.

Ein dr.philos.-grad kvalifiserer for forskingsverksemd og anna arbeid i samfunnet, der det blir stilt store krav til vitskapleg innsikt, arbeidsmåte og analytisk tenking i samsvar med god vitskapleg skikk og forskingsetiske retningslinjer.

Graden doctor philosophiae (dr.philos.), er ein ikkje-rettleidd doktorgrad som kan tildelast personar som har avlagt eksamen av høgare grad eller tilsvarande. Forskingsarbeidet og doktoravhandlinga er utført på eiga hand utan formell tilknytning til eit av ph.d.-programma til universitetet.

Dr.philos.-graden tildelast på grunnlag av:

- Vitskapleg avhandling.
- Doktorgradsprøven.

Doktorgradsprøven består av to prøvøførelesingar og eit offentleg forsvar av avhandlinga, også kalla disputas. Den eine prøvøførelesinga er over eit oppgjeve emne, medan den andre prøvøførelesinga er over eit sjølvvalt emne.

§ 3. Ansvar for graden dr.philos.

Universitetsstyret har det overordna ansvaret for graden dr.philos. og fastset forskrift for graden.

Fakultetet fattar vedtak om ei innlevert avhandling har eit tema som høyrer inn under fakultetet sin fagportefølje, om ho er verdig til å forsvarast for graden dr.philos. og om doktorgradsprøven kan godkjennast.

Styresmakta til fakultetet kan etter denne forskrifta ikkje delegerast.

Del II. Søknad om å få framstille seg og krav til avhandlinga

§ 4. Søknad og retten til å framstille seg

§ 4-1. Retten til å framstille seg

Rett til å framstille seg til prøven for dr.philos.-graden har den som er statsborgar i eit nordisk land og som har oppnådd eksamen av høgare grad. Fakultetet, som tema for avhandlinga høyrer inn under, kan gje søkjarar som på annan måte har godtgjort tilsvarande kvalifikasjonar i vedkomande fag, tilgang til å framstille seg til doktorgradsprøven. Det påkviklar søkjaren å leggje fram dokumentasjon på tilsvarande kvalifikasjonar. Avhandlinga skal ikkje vurderast før slikt løyve er gjeve.

Den som ikkje er statsborgar i eit nordisk land, har rett til å framstille seg for prøven dersom vedkomande fakultet, etter grunngjeven søknad og innstilling frå det aktuelle fagmiljøet, gjev løyve til dette. Fakultetet kan gje slik tilgang om søkjaren har opphaldsløyve i Noreg, eller om avhandlinga oppfyller minst eitt av følgjande kriterium:

- Behandlar emne eller byggjer på materiale som har direkte tilknytning til Noreg.
- Har sterk tilknytning til norsk forskning innan fagområdet.
- Er utført under opphald ved norsk universitet eller forskingsinstitusjon, eller i særleg kontakt med norske forskarar.

Fakultetet vurderer søkjaren sine førehandskvalifikasjonar og fattar vedtak på grunnlag av søkjaren sin dokumentasjon av tidlegare studiar og vitskaplege arbeid (jf. § 4-2, andre ledd). Fakultetet kan stille krav om at søkjarar gjennomgår særskilte kurs og/eller består særskild prøve før det blir gjeve tilgang til vurdering av doktorgradsarbeidet.

Det gjevast ikkje rett til å framstille seg for prøven i eit fagområde der kandidaten allereie har ein norsk eller nordisk doktorgrad.

§ 4-2. Søknad om vurdering

Søknad om å framstille seg til prøven for graden dr.philos. stilast til Nord universitet, forskingsadministrasjonen.

Følgjande dokumentasjon skal vere vedlagd søknaden:

- Eitt eksemplar av avhandlinga
- Medforfattareklæringar der dette er påkravd i samsvar med § 5, 6 ledd
- Dokumentasjon på at naudsynte løyve er henta inn
- Dokumentasjon på høgare utdanning, eventuelt dokumentasjon på kvalifikasjonar tilsvarande høgare utdanning
- Oversikt over tidlegare vitenskaplege arbeid (desse må kunne framvisast på førespurnad)
- Erklæring om kor vidt avhandlinga leverast inn til vurdering for første eller andre gong
- Erklæring om at avhandlinga ikkje er levert inn til vurdering ved annan institusjon
- Erklæring om at heile eller delar av avhandlinga ikkje tidlegare er vurdert ved annan norsk eller utanlandsk institusjon.
- Eventuelt norsk opphaldsløyve

Ikkje-nordiske statsborgarar må i tillegg leggje ved dokumentasjon på avhandlinga si tilknytning til Noreg.

Fakultetet kan på sjølvstendig grunnlag avvise søknad om å få avhandlinga vurdert om det er openbart at avhandlinga ikkje held høg nok vitenskapleg kvalitet og vil bli underkjend av ein komite.

§ 5. Avhandlinga

Avhandlinga skal vere eit sjølvstendig, vitenskapleg arbeid på eit høgt fagleg nivå når det gjeld problemformuleringar, omgrepsmessig presisering og metodisk, teoretisk og empirisk grunnlag, dokumentasjon og framstillingsform. Avhandlinga skal oppfylle nasjonal og internasjonal standard med omsyn til etiske og forskingsetiske krav. Avhandlinga skal bidra til å utvikle ny fagleg kunnskap, og liggje på eit fagleg nivå som tilseier at ho vil kunne publiserast som ein del av den vitenskaplege litteraturen i faget.

Avhandlinga kan vere eit frittstående arbeid eller ei vidareføring av masteroppgåve eller tilsvarande. Avhandlinga kan også vere ei vidareføring av fagleg arbeid som er utført tidlegare i samband med andre eksamenar i studiet.

Arbeid som har vore godteke som oppgåve ved høgare grad, som masteravhandling eller som magister- eller licensiatavhandling, eller som er påskjøna med medalje for svar av prisoppgåver ved eit universitet, kan ikkje takast opp til vurdering, med mindre arbeidet inngår som ein mindre del av ei avhandling som består av fleire samanhengande arbeid.

Fleire mindre arbeid kan godkjennast som delar av doktorgradsavhandlinga om det er ein samanheng mellom arbeida og det i innleiinga til avhandlinga (kappe) er gjort greie for denne samanhengen.

Fellesarbeid kan godtakast til vurdering (også som eitt av fleire arbeid, jf. 3. ledd), føresett at doktoranden sitt bidrag representerer ein sjølvstendig innsats som kan identifiserast i den grad det er nødvendig for vurderinga.

Om eit skriftleg arbeid er blitt til i samvirke med andre forfattarar, skal kandidaten følgje dei normene for medforfattarskap som er ålment aksepterte i fagmiljøet og nedfelte i Vancouver-reglane for medforfattarskap. I avhandlingar der det inngår arbeid med fleire forfattarar skal det følgje ei medforfattareklæring som skildrar kandidaten sitt bidrag i kvart enkeltarbeid (jf. § 4-2).

Eit arbeid eller delar av eit arbeid som for søkjar er til vurdering for doktorgraden ved anna norsk eller utanlandsk universitet eller høgskole, kan ikkje samstundes leverast inn for vurdering ved Nord universitet.

Eit arbeid eller delar av eit arbeid som tidlegare er vurdert og funne verdig eller ikkje verdig til forsvar for ein doktorgrad ved ein annan lærestad, kan som hovudregel ikkje takast opp til vurdering ved Nord universitet sjølv om arbeidet leverast inn i omarbeidd skikkelse.

Som hovudregel er det ikkje høve til å avslutte eit organisert doktorgradsprogram for å framstille seg for dr.philos.-graden. Om ei avhandling heilt eller delvis er blitt til innanfor ramma av eit organisert doktorgradsprogram ved Nord universitet eller ein annan utdanningsinstitusjon, skal det grunnjevast særskilt kvifor avhandlinga skal forsvarast for ein dr.philos.-grad og ikkje for graden philosophiae doctor (ph.d.).

Avhandlinga skal vere skriven på norsk, svensk, dansk eller engelsk. Om det er ønske om å bruke eit anna språk, må det søkjast om særskilt løyve til dette ved innlevering av avhandlinga. Det fakultetet som har ansvaret for vurderinga, fattar avgjerd om dette.

Avhandlinga skal vere offentleg tilgjengeleg, jf. § 11.

Ei dr.philos.-avhandling som ikkje er funnen verdig ved ei tidlegare vurdering ved Nord universitet, kan vurderast i omarbeidd skikkelse, enten som einaste arbeid eller som eitt av fleire samanhengande arbeid, først seks månader etter at fakultetet har gjort vedtak om å forkaste avhandlinga. Vurdering på ny kan berre skje éin gong.

Del III. Fullføring

§ 6. Innlevering

Når fakultetet har gjeve kandidaten tilgang til å framstille seg for dr.philos.-graden, skal kandidaten levere avhandlinga i 5 eksemplar i innbunde eller hefta stand.

Innlevering av avhandlinga og førespurnaden om å få arbeidet vurdert for doktorgraden stilast til vedkomande fakultet.

Om det krevjast særskilt løyve, jf. §-1 tredje ledd, skal søkjaren dokumentere studia sine og leggje ved tidlegare vitskaplege arbeid. Slik søknad fremjast samstundes med oversending av doktorgradsarbeidet. Ikkje-nordiske statsborgarar skal ved innlevering fremje ein grunnjeven søknad om tilgang til vurdering for graden.

Søknad om godkjenning av anna språk i avhandlinga enn dei føreskrivne, jf. § 5, 10. ledd, fremjast ved innleving av avhandlinga.

Doktoranden sender saman med avhandlinga ei skriftleg eigenerklæring om at avhandlinga, eller delar av denne, ikkje er eller har vore levert inn til vurdering for doktorgrad ved anna norsk eller utanlandsk institusjon

Eit innlevert arbeid kan ikkje trekkjast tilbake før det er endeleg avgjort om det er verdig til å forsvarast for doktorgraden. Etter innlevering har doktoranden berre høve til å gjere rettingar av formell art, jf. § 9-4.

§ 7. Oppnemning av vurderingskomite

Når fakultetet har godkjent søknad om å få avhandlinga vurdert, blir medlemmer til vurderingskomiteen foreslegne av fagmiljøet som tema for avhandlinga fell inn under.

Framlegget skal grunnjevast og vise korleis komiteen samla dekkjer fagfeltet til avhandlinga. Fakultetet peikar ut ein sakkunnig komite på minst tre medlemmer som skal vurdere avhandlinga, prøveforelesingane og disputasen. Fakultetet fastset samstundes ein frist for kva tid innstillinga skal føreliggje. Fristen skal normalt ikkje overstige tre (3) månader.

Kandidaten skal underrettast om framlegget til samansetjing av komite og har høve til å levere inn skriftlege merknader, seinast innan éi veke etter at framlegget til samansetjing er gjort kjent for kandidaten. Fakultetet gjer vedtak om kor vidt merknadene skal takast til følgje.

Vurderingskomiteen skal normalt setjast saman slik at:

- minst to av medlemene er utan tilknytning til Nord universitet
- minst eitt av medlemene har hovudstilling ved ein utanlandsk institusjon
- begge kjønn er representerte, såframt mogleg.

Medlemene skal ha doktorgrad eller tilsvarande fagleg kompetanse. Habilitetsreglane i forvaltningslova (fvl.) § 6 flg. gjeld for medlemene i komiteen, jf. fvl. § 10.

Om kriteria fråvikast, skal dette grunnjevast særskilt.

Fakultetet peikar ut ein administrator blant medlemene i komiteen, eller i tillegg til medlemene i komiteen.

Fakultetet kan, ved fråfall, nemne opp eit setjemedlem til vurderingskomiteen.

§ 8. Vurdering

Doktorgraden tildelast på grunnlag av:

- a) godkjent vitenskapleg avhandling og eit tilfredsstillande forsvar i ein offentleg disputas
- b) to godkjende prøveforelesingar, der den eine prøveforelesinga er over eit oppgjeve emne, medan den andre prøveforelesinga er over eit sjølvvalt emne.

§ 9. Arbeidet til vurderingskomiteen

§ 9-1. Innhenting av supplerande opplysningar

Vurderingskomiteen kan krevje framlagt grunnlagsmaterialet til kandidaten og utfyllande eller oppklårande tilleggsinformasjon.

§ 9-2. Omarbeiding av innlevert avhandling

Vurderingskomiteen kan på grunnlag av den innleverte avhandlinga og eventuelt tilleggsmateriale, jf. § 9-1, rå til at fakultetet gjev løyve til mindre omarbeiding før endeleg innstilling ligg føre. Kandidaten skal i skriftleg form gje ei konkret oversikt over kva kandidaten må omarbeide.

Om fakultetet tillet ei mindre omarbeiding av avhandlinga, skal det gjevast ein frist for slik omarbeiding som normalt ikkje skal vere lengre enn tre månader. Det skal også fastsetjast ein ny frist for oversending av den endelege innstillinga til komiteen. Fakultetet sitt vedtak etter denne paragrafen kan ikkje påklagast av ph.d.-kandidaten.

Om komiteen finn at djuptgripande endringar som gjeld teori, problemstilling, hypotese, materiale eller metode er naudsynt for at arbeidet skal kunne tilrådest til disputas, skal komiteen underkjenne avhandlinga.

§ 9-3. Innstilling frå komiteen og fakultetet si behandling av innstillinga

Komiteen gjev frå seg innan ein frist fastsett av fakultetet, ei grunngeven innstilling, eventuelt vedlagt individuelle fråsegner, om kor vidt arbeidet er verdig til å forsvarast for doktorgraden. Ein skal grunngeve dissensar.

Innstillinga frå vurderingskomiteen med eventuelle dissensar sendast over til fakultetet, som så snart som mogleg legg denne fram for kandidaten. Kandidaten får ein frist på 10 verkedagar til å fremje skriftlege merknader til innstillinga. Om kandidaten ikkje ønskjer å fremje merknader, skal fakultetet snarast underrettast skriftleg om dette.

Om merknadene til doktoranden kan ha noko å seie for spørsmålet om avhandlinga kan godkjennast, bør merknadene leggjast fram for vurderingskomiteen før fakultetet gjer realitetsvedtak i saka.

Fakultetet gjer vedtak i saka på grunnlag av innstillinga, dei fråsegnene som er henta inn og eventuelle kommentarar frå kandidaten. Doktoranden blir underretta om resultatet av behandlinga.

Samrøystes innstilling

Ei samrøystes komiteinnstilling skal normalt takast til følge. Dersom fakultetet finn at det – trass i ei samrøystes komiteinnstilling – ligg føre grunngeven tvil om ei avhandling bør godkjennast, skal fakultetet søke nærmare avklaring frå vurderingskomiteen eller nemne opp to nye sakkunnige som kjem med individuelle fråsegner om avhandlinga. Eventuelle merknader frå doktorgradskandidaten leggjast ved. Etter dette gjer fakultetet sjølv vedtak i saka på grunnlag av innstillinga og dei fråsegnene som er henta inn.

Delt innstilling

Om komiteen gjev frå seg delt innstilling, og fakultetet vurderer å leggje fråsegnene til mindretalet til grunn for vedtaket sitt, kan fakultetet søke nærmare avklaring frå vurderingskomiteen og/eller nemne opp to nye sakkunnige som gjev frå seg individuelle fråsegner om avhandlinga. Slike tilleggsfråsegner eller individuelle fråsegner skal leggjast fram for kandidaten, som får høve til å kome med merknader. Etter dette gjer fakultetet sjølv vedtak i saka på grunnlag av innstillinga og dei fråsegnene som er henta inn.

§ 9-4. Retting av formelle feil (errata) i avhandlinga

Kandidaten kan etter innlevering søke om løyve til å rette formelle feil i avhandlinga. Søknaden skal ha vedlagt ei fullstendig oversikt over dei feila som ein ønskjer retta. Søknad om retting av formelle feil må leverast inn seinast fire veker før komiteen sin frist for avlevering av innstilling, og kan berre skje éin gong. Lista skal følge endeleg opptrykk som innstikk.

§ 10. Ny innlevering

Ei doktorgradsavhandling som ikkje er funnen verdig til forsvar, kan vurderast i omarbeidd utgåve først seks månader etter at fakultetet har gjort vedtaket sitt. Ny vurdering kan berre skje éin gong.

Fakultetet nemner opp ein ny vurderingskomite der minst eitt medlem frå den opphavlege komiteen bør nemnast opp på nytt.

Kandidaten skal ved ny innlevering opplyse om at arbeidet tidlegare har vore vurdert, og ikkje blitt funne verdig til å forsvarast i disputas. Som hovudregel skal eit arbeid som leverast inn for andre gongs vurdering bli vurdert ved den same institusjonen som først vurderte avhandlinga.

§ 11. Offentleggjing av avhandlinga

§ 11-1. Krav til den trykte avhandlinga

Når avhandlinga er funnen verdig til å forsvarast, skal kandidaten levere avhandlinga til fakultetet i standardisert format og i samsvar med føresegnene til Nord universitet. Fakultetet syter for trykk av avhandlinga i godkjent format.

Kandidaten skal utarbeide eit kortfatta samandrag av avhandlinga på engelsk og norsk, med sikte på å gjere avhandlinga og resultatet i denne kjent for forskingsmiljø i inn- og utland. Om avhandlinga korkje er skriven på engelsk eller norsk, skal det i tillegg leverast eit samandrag på språket til avhandlinga. Samandraget skal følgje avhandlinga og, til liks med sjølve avhandlinga, publiserast offentleg.

§ 11-2. Offentleggjing

Avhandlinga skal vere offentleg tilgjengeleg seinast to veker før dato for offentleg forsvar. Avhandlinga gjerast tilgjengeleg i den forma ho vart levert inn til vurdering, eventuelt etter omarbeiding på grunnlag av komiteen sine førebelse kommentarar, eller med godkjend errata-liste som innstikk, jf. § 9-2 og § 9-4.

Det kan ikkje leggjast restriksjonar på offentleggjing, under dette publisering, av ei dr.philos.-avhandling.

Ved publisering av avhandlinga skal kandidatar følgje gjeldande retningslinjer for kreditering av institusjonar.

Dr.philos.-kandidatar som har ei tilsetjing ved Nord universitet når dei søkjer om å få framstille seg for dr.philos.-graden, skal ved publisering av dr.philos.-avhandlinga følgje hovudregelen for kreditering ved universitetet, og gje opp Nord universitet som adresse om publikasjonen er eit produkt av arbeid gjort i stillinga ved universitetet. Dette gjeld også arbeid som heilt eller hovudsakleg er utført som del av ei dr.philos.-avhandling, men som publiserast etter disputasen. Same forfattar skal også gje opp andre institusjonar som adresse om desse i kvart enkelt tilfelle tilfredsstillar kravet til medverknad.

§ 12. Doktorgradsprøven

§ 12-1. Prøveførelsingane

Om avhandlinga blir funnen verdig til å forsvarast for doktorgraden, skal kandidaten halde to offentlege prøveførelsingar, éi over eit sjølvvalt emne relatert til kandidaten si forsking og éi over eit oppgjeve emne. Prøveførelsingane er sjølvstendige delar av doktorgradsprøven. Meininga er å prøve kandidaten si evne til å tileigne seg kunnskapar utover tema for avhandlinga, og evna til å formidle desse i ein førelingssituasjon.

Kandidaten melder inn tittel på prøveforelesing over sjølvvalt emne til universitetet éin månad før disputasen. Emne for prøveforelesing over oppgjeve emne blir bestemt av vurderingskomiteen, og kunngjerast for kandidaten 10 dagar før forelesinga.

Prøveforelesingane skal haldast ved Nord universitet, og skjer på avhandlingsspråket med mindre fakultetet godkjenner eit anna språk.

Vurderingskomiteen avgjer om prøveforelesingane er funne tilfredsstillande. Det skal grunnjevast om prøveforelesingane vurderast til ikkje tilfredsstillande.

Prøveforelesingane skal vere gjennomførte tilfredsstillande før disputas kan haldast.

§ 12-2. Offentleg forsvar av avhandlinga (disputas)

Offentleg forsvar av avhandlinga, disputas, skal normalt finne stad innan to månader etter at fakultetet har funne avhandlinga verdig til å forsvareast.

Tid og stad for disputasen skal kunngjerast minst 10 arbeidsdagar før han haldast. Den komiteen som opphavleg har vurdert avhandlinga, vurderer også disputasen.

Disputasen skal haldast ved Nord universitet. Det offentlege forsvaret skal skje på avhandlingsspråket med mindre fakultetet, etter framlegg frå vurderingskomiteen, godkjenner eit anna språk.

Det skal normalt vere to ordinære opponentar. Desse skal vere medlemmer av vurderingskomiteen, og peikast ut av fakultetet.

Disputasen leiast av dekanen eller den denne gjev fullmakt. Disputasleiar gjer kort greie for innleveringa og vurderinga av avhandlinga, samt for prøveforelesingane og vurderinga av desse. Deretter gjer kandidaten greie for meininga med, og resultatata av den vitskaplege undersøkinga.

Førsteopponenten innleiar opposisjonen, før kandidaten får høve til å forsvare avhandlinga. Etter at begge opponentar har avslutta sin opposisjon, får dei andre som er til stades høve til å kommentere ex auditorio. Ønske om ex auditorio-opposisjon må meddelast disputasleiar i løpet av disputasen, og innan eit tidspunkt kunngjort ved opninga av disputasen. Ein av opponentane avsluttar opposisjon, før disputasleiar avsluttar disputasen.

Etter disputasen gjev vurderingskomiteen frå seg innstilling til fakultetet der han gjer greie for korleis han har vurdert forsvaret av avhandlinga. Rapporten skal konkludere om disputasen er godkjend eller ikkje godkjend. Rapporten skal grunnjevast om disputasen er rådd til ikkje godkjend.

§ 12-3. Godkjenning av doktorgradsprøve

Fakultetet gjer vedtak om godkjenning av doktorgradsprøven, på grunnlag av innstillingar frå vurderingskomiteen.

Om fakultetet ikkje godkjenner prøveforelesingane, må det haldast nye prøveforelesingar. Nye prøveforelesingar må haldast over nye emne. Nye prøveforelesingar haldast innan seks månader, og skal vurderast så vidt mogleg av den same komiteen som den opphavlege.

Om fakultetet ikkje godkjenner disputasen, kan kandidaten forsvare avhandlinga på nytt éin gong. Ny disputas kan tidlegast haldast etter seks månader, og skal vurderast så vidt mogleg av den same komiteen som den opphavlege.

§ 13 Tildeling av graden og vitnemål

Når fakultetet har godkjent avhandlinga, prøvøførelesingane og disputas, tildelast doktoranden graden dr.philos. av styret ved Nord universitet.

Vitnemål skrivast fortløpande ut av institusjonen. Vitnemål skal innehalde opplysningar om tittelen på avhandlinga, opplysningar om kva fagområde/fakultet dr.philos.-graden er avlagt innanfor, samt tema for prøvøførelesingane.

Del IV. Klage og ikraftsetjing

§ 14 Klage over avslag på søknad om vurdering, ikkje godkjend avhandling, prøvøførelesing eller forsvar

Avslag på søknad om tilgang til vurdering etter § 4-1, eller ikkje godkjend avhandling, prøvøførelesing eller forsvar etter § 9-3 og § 12-3 kan klagast på etter reglane i forvaltningslova § 28 flg. Grunngeven klage sendast fakultetet.

Fakultetet kan oppheve eller endre vedtaket om det finn klagen grunngeven. Om fakultetet ikkje tek klagen til følge, sendast klagen til klagenemnda til universitetet til avgjerd. Klagenemnda kan prøve alle sider ved det påklaga vedtaket.

Om fakultetet eller klagenemnda finn grunn til det, kan det nemnast opp eit utval eller enkeltpersonar til å gjere ei vurdering av vurderinga som er gjort og dei kriteria denne byggjer på, eller til å gjere ei ny eller supplerande sakkunnig vurdering.

§ 15 Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde straks, og samstundes opphevast forskrift 31. oktober 2012 om graden doctor philosophiae (dr.philos.) ved Universitet i Nordland.

1. Ikkje kunngjord i Norsk Lovtidend.